



Nye Voss vidaregåande skule  
v/ rektor Svein Inge Styve  
Strandavegen 252  
5710 SKULESTADMO

Dato: 18.01.2017  
Vår ref.: 2014/1552-42  
Saksbehandlar: gurklyv  
Dykkar ref.:

## **Underretning om ny jordskiftesak - Flatekvål gnr 61 m.fl.**

Vi viser til telefonsamtale med Trond Håvard Bjørnstad i dag.

Som opplyst i telefonsamtalen har Hordaland fylkeskommune v/Eigedomsavdelinga motteke brev datert 10.01.2017 frå Indre Hardanger jordskifterett.

Lars Aslak Flatekvål, eigar av gnr 61, bnr 1 (Flatekvål) i Voss kommune, har kravd sak for jordskifteretten. Han ønskjer å få fastsett eigedomen sine grenser i fjell-/stølsområdet mot Lønahorgi.

Hordaland fylkeskommune, eigar av gnr 60, bnr. 1, og andre eigarar i området er trekt inn som partar i saka.

Vedlagt følgjer kopi av brevet frå jordskifteretten m/vedlegg.

Hordaland fylkeskommune v/fylkesvaraordførar Pål Kårbø har kvittert for mottak av forkynning av saka, og dette er sendt til jordskifteretten i dag. Sjå vedlagte kopi av mottakskvittering.

Eigedomsavdelinga vil halde skulen orientert om det som skjer vidare i saka.

Guro Klyve

Vedlegg